



SAKSHANDSAMAR  
Kristine Johansen

INNVÅLSTELEFON

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
06/03957-35

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

ARK. P - Plansaker

261 Sund kom.

Hordaland fylkeskommune

VÅR DATO  
04.01.2016

Sund kommune  
Postboks 23  
5371 SKOGSVÅG

06 JAN 2016

Fylkesrådmannen

KOPI

## Framlegg til reguleringsplan for Skaganeset 49/23 - 49/73, Sund kommune

Vi syner til oversending av justert planframlegg for Skaganeset, Sund kommune av 22. desember 2015.

Miljøverndepartementet fatta 22. oktober 2009 avgjerd i sak om motsegn til planframlegg for Skaganeset. Departementet stilte den gongen fleire krav til ein kommande plan for området slik at det nasjonalt viktige kulturminnet Kvalvågen vert teke vare på for framtida. Dette var krav som ikkje vart følgd opp av kommunen i det kommande planarbeidet. Riksantikvaren fremma derfor motsegn til nytt planframlegg 12. juni 2015. I seinare møte vart direktoratet og kommunen samde om at Sund kommune skulle utarbeidde eit nytt planframlegg i samsvar med Miljøverndepartementet si avgjerd frå 2009.

Eit nytt framlegg til reguleringsplan for området vart sendt Riksantikvaren 1. oktober 2015. Dette tok etter vårt syn ikkje godt omsyn til kulturminnet, og vi bad i brev av 3. desember 2015 om endringar og presiseringar i reguleringsføresegnene.

Riksantikvaren fekk nye justerte reguleringsføresegner frå Sund kommune 22. desember 2015. Reguleringsføresegnene §§ 2.4, 2.7, 3,8, 5.2.4 og 7.3 er endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader. Dette er føresegner som omtaler vegetasjon og landskap, lyssetting og byggjehøgde, alle element som er viktige å ha klare regler knytt til for at kulturminnet Kvalvågen kan takast vare på og opplevast for kommande generasjonar.

### Konklusjon

Riksantikvaren kan akseptere framlegg til reguleringsplan for Skaganeset, Sund kommune, slik det kjem fram i plankart revidert/ datert 4. september 2015 og reguleringsføresegner revidert/ datert 12. desember 2015. Sund kommune kan derfor godkjenne dette planframlegget.

Beste helsing

Leidulf Mydland (e.f.)  
seksjonssjef

  
Kristine Johansen  
seniorrådgjevar

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen/ Bergen  
Sjøfartsmuseum, Postboks 7800, 5020 BERGEN/ Klima- og miljødepartementet -  
Kulturminneavdelingen, P.B. 8013 Dep, 0030 OSLO/ Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 OSLO